

Kyrkjelydsblad for Arna

Nr. 2 — Mai 1979
12. årgang



**Konfirmasjon i Arna
6. og 13. mai**

KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

Utgjevar: Sokneråda i Arna.

Redaktør: Audun Stølås, Borge, 5233 Haukeland, tlf. 24 00 61.

Redaksjonsnemnd: Ingvar Fykse, Harald Haugsvær, Bjørg Hellesøy, Målfrid Sandvik.

Forretningsfører: Bjørg Hellesøy, Fagerhaug 3, 5260 Indre Arna, tlf.: 24 14 47.

Bladpengar: Kr. 15,-. Utanbygds/lands-kr. 20,-.

Postgiro nr. 3104445 eller bankgiro 8440.21.01856.

Trykt av A/S Fotosentrum, Ytre Arna.

ARNA PRESTEGJELD

Prestekontoret Indre Arna: Tlf. 24 04 00.

Kontortid: Tysdag, onsdag, fredag kl. 10 - 11.30.

Torsdag kl. 17.30 - 19.00.

Prestekontoret Ytre Arna: Tlf. 24 13 25.

Kan treffes etter avtale

Arna kyrkjelyd sin dagheim: Tlf. 24 12 45.

Adresser:

Res.kap. Ingvar Fykse, Gamlev. 8, Ytre Arna. Tlf. 24 13 25.

Kateket Målfrid Sandvik, Arhaugen 8, Indre Arna.

Kateket Harald Haugsvær, Lone. Tlf. 24 08 15.

Fung. klokkar Olav K. Hesjedal, Hauge, Haukeland. Tlf. 24 01 17.

Klokkar Per Sæle, Skulev. 8, Ytre Arna. Tlf. 24 13 10.

Organist Solveig Tesdal, Stølsvegen 25, Indre Arna. Tlf. 24 16 06.

Organist Michael Knutsen, Tyriv. 20, Eidsvåg. Tlf. 25 63 48.

Kyrkjetenar Monrad Ulveseter, Stølsv. 15, Indre Arna.

Tlf. 24 09 65.

Kan treffast på tlf.: 24 09 65 tysdag og torsdag

kl. 17.00-18.00 og onsdag og fredag kl. 10.00-11.00.

Vik. kyrkjetenar Arthur Askeland, Haugland. Tlf. 24 11 55.

Oppsynsmann for kyrkjegardane i Arna, Emil Dalseth, Indre Arna.

Tlf. 24 05 69, kontortid mand., fred. kl. 12.00 - 13.00.

Soknerådsformann i Arna, Olav K. Hesjedal, Hauge, Haukeland.

Tlf.: 24 13 10.

Soknerådsformann i Ytre Arna, Per Sæle, Skulev. 8, Ytre Arna.

Tlf. 24 13 10.

Ein ny start



Det er i år ti år sidan eg tok til som kateket i Arna. Mange konfirmantar har eg møtt desse åra. Konfirmasjonssundagar har kyrkja alltid vore fylt av slekt og vener samla kring dei unge.

Men etter konfirmasjonsdagen, kva då? Kvifor ser eg så få av dykk att i aktiv teneste i kyrkjelyden? Kvar er dei mange blitt av? Er de reiste frå Arna? Ein del, ja, men det gjeld vel på langt nær dei fleste. Du har vel ikkje skuva Jesus i «baksetet» i ditt liv? Han nøyer seg ikkje med å vera reserve, men Herre i livet vårt!

Er du komen bort frå Jesus, kan du koma tilbake til han. Kristenlivet ditt kan få EIN NY START. Går det då? Ja, det går! Jesus seier: «Den som kjem til meg, viser eg så visst ikkje bort.» Joh. 6,37. Til Jesus kan vi koma ein gong og mange gonger. Han viser ingen bort. Så dersom du kjenner på trong etter samfunn med han igjen, så skunda deg å koma til han igjen. Jesus Kristus ventar på deg!

Kvifor kjem så mange bort frå Jesus? Årsakene er mange, men kanskje vi skal nemna to hovudgrunnar: For det første kan det vera at det berre vert slik. Trua sitt liv, som vart skapt i oss ved dåpen, dør for di bøn. Bibelen vert ikkje opna, og ein går aldri der Guds ord vert forkynt. Eller ein opplever at brotet med Gud skjedde etter eit bestemt fall eller ei serie med fall. Ein tek til å gjera Gud imot. Lite til å begynna med, kanskje, med litt uærlegdom, litt tjuveri, litt??? Freistingane til ikkje å vilja leva etter Guds vilje vart for store og nederlaga vart til fråfall.

Korleis kan ein koma attende til Jesus? Det kan skje på mange måtar. Men alltid vil det vera Den Heilage Ande som kallar på oss: Kom tilbake! Det er og berre Anden som kan gjera Jesu ord levande for oss slik at vi opplever det som sagt til oss personleg: Den som kjem til meg, viser eg ikkje bort! Å ta imot Jesus er då einfelt å seia JA til Jesus med munnen sin og be han koma inn i hjarta.

Kanskje kjenner du på at synd stengjer mellom deg og Jesus. Da må synda bekjennast for Gud, ja kanskje du også må ta eit oppgjær med dine medmenneske. Det kostar å måtta gjera seg så liten, men det er veien til EIN NY START. Les sjølv kva Jesus seier i 1. Joh. 1,9. Dermed er hindringane borte. Og så får du på nytt oppleva det ein ungdom sa i eit vitnemål: «Livet mitt tok til att då eg sa Ja til Jesus!» Vel møtt igjen til teneste og fellesskap i Guds rike!

H. Haugsvær

Konfirmant-foreldre har ordet:

Konfirmasjonen - eit JA til dåpspakta

, No ved slutten av konfirmanttida har me ein prat med foreldra til ein konfirmant, Asbjørn og Oddmund Bildøy. Me vil vita korleis dei har opplevd denne tida og korleis dei ser på konfirmasjonen.

— For konfirmantane er det ei brytningstid. Spesielle spørsmål melder seg gjerne denne tida, ting som ikkje har vore så aktuelle tidlegare. Mange vert difor stilte på val. Me trur dei fleste har gjort eit val tidlegare, men kanskje det ikkje er like bevisst for alle. Det viktige med konfirmanttida er at dei unge blir bevisstgjort.

I ungdomsskulealderen er det lett for å koma inn i eit miljø som det kan vera svært vanskeleg å bryta ut av. Det er nesten skræmmande kor avhengige dei er av kameratane i den alderen. Det er så mange ting som påverkar dei unge. Også aktivitetar som i seg sjølve er positive, kan oppta så mykje tid og krefter at det hindrar dei i å verta engasjerte i eit kristent miljø. Derfor er det så viktig å få dei unge inn i eit kristent miljø tidleg. Me ser på barnearbeidet som svært viktig. Men det må følgjast opp med tilbod for ungdomsåra.

Kyrkjelyden har ansvar for konfirmantane. Først og fremst må me ta dei med i forbøn. Men me må også leggja tilhøva til rette så dei får eit miljø å gå inn i, der dei kan

kjenna seg heime. Det er viktig at dei får eit tilbod om å gå inn i foreiningar i nærmiljøet.

Me har sjølve sendt borna våre på leirar, week-endar o.l., og det trur me har hatt stor betydning. Der for dei kontakt med andre, får oppleva fellesskap med unge i eit kristent miljø.

— Ser konfirmanten berre fram mot konfirmasjonsdagen, eller trur de at konfirmanttida har noko å seia for dei?

— Me har inntrykk av at svært mange ser fram til konfirmasjonsdagen, med presangane og festen. Men me trur at foreldra ofte er med og støttar opp under denne forventninga. Me tykkjer det er ein fin tradisjon å vera saman med familien ein slik dag. Men det må ikkje tenkjast berre i kroner og presangar.

Likevel trur me at dei unge får ein del ut av konfirmanttida. Den konfirmantboka dei brukar, tykkjer me er bra. Men om ikkje alle har det store utbytet i augneblinken, kan noko av det ein møter i konfirmantundervisninga dukka opp att seinare.

Det er fint at foreldra vert orienterte om kva som vert gjennomgått i konfirmanttimane, kva ein legg vekt på og kva konfirmantane bør kunna. Me foreldre vert såleis meir engasjerte og interesserte i



konfirmantundervisninga, og kan betre følgja med.

— No har de sjølve vore aktivt med i konfirmantopplegget då de har hatt ei konfirmantgruppe heime hos dykk. Kva verdi har det hatt for dykk å vera med på dette?

— Det har ført til at me må tenkja gjennom ein del nye spørsmål. Det er ikkje så lett å få den kontakten ein ønskjer i ei slik gruppe, men det er noko som ein må arbeida med. Om gruppene var mindre, ville det vera lettare å få kontakt.

— Kva legg de i konfirmasjonen?

— Me har sett på det som ei stadfesting av dåpen, som vel er tydinga av ordet «Konfirmasjon». Men i dag

lovar ein ikkje noko når ein vert konfirmert, slik som før. Ein får velsigning. det kan vera ein føremun å ha det slik, og for konfirmanten kan innhaldet bli det same. Men om ein ikkje meiner noko særleg med konfirmasjonen, så får ein den velsigninga med seg. Og dei fleste tenkjer vel litegrann over kva dei då får.

Vårt ønskje er at alle konfirmantane må bli bevisst det tilbodet som evangeliet er. Då vil også konfirmasjonen få sitt rette innhald: Eit ja til framleis å leva i dåpspakta.


M.S.

Konfirmantar i Arna i vår

Sundag 6. mai kl. 11.00

- | | |
|---------------------------|-----------------------------------|
| 1. Rannveig Bildøy | 34. Mona Aardal |
| 2. Iren Elisabeth Bruarøy | 35. Torhild Aarekol |
| 3. Anne Helene Dahl | 36. Morten Bjarne Alvær |
| 4. Tove Mette Eikefet | 37. Jonny Andreassen |
| 5. Gunn Elin Fauskanger | 38. Terje Blom |
| 6. Cesilie Felde | 39. Øystein Boge |
| 7. Elin Garnes | 40. Terje Brunborg |
| 8. Bente Haugland | 41. Dag Erik Wangsholm Davidsen |
| 9. Jorunn Magrete Havre | 42. Knut Arve Engesæt |
| 10. Linda Jakobsen | 43. Arne Johan Garnes |
| 11. Åshild Kleivane | 44. Svein Arne Garnes |
| 12. Gerd Kleiveland | 45. Tore Garnes |
| 13. Nina Kollstrøm | 46. Johnny Grindheim |
| 14. Siren Kollstrøm | 47. Knut Harald Haukeland |
| 15. Grete Leiknes | 48. Per Ove Hjartholm |
| 16. Unn Torill Mandelid | 49. Bjørn Johan Johnsen |
| 17. Else Karin Misje | 50. Einar Killi |
| 18. Lillian Njaastad | 51. Frank Morten Kvammen |
| 19. Bjørg Magni Nygård | 52. Stein Ove Mjelde |
| 20. Hanne Kristin Olsen | 53. Nils Henrik Mykkeltvedt |
| 21. Torunn Romslo Ospedal | 54. Dag Samuel Nilssen |
| 22. Tammy Sakariassen | 55. Stein Halldro Opedal |
| 23. Ethel Sebestyen | 56. Martin Ingvar Helmer Pedersen |
| 24. Ingeln Skjelanger | 57. Alf Rosendahl |
| 25. Dagny Skjelbreid | 58. Tom-Erlend Skårnes |
| 26. Gro Storli | 59. Bjarte Solberg |
| 27. Ingunn Tepstad | 60. Halvor Solberg |
| 28. Eva Thorbjørnsen | 61. Jarle Steffensen |
| 29. Solveig Kristine Toft | 62. Per Storli |
| 30. Marta Tveit | 63. Johnny Thunestvedt |
| 31. Grete Vatle | 64. Rune Tyssedal |
| 32. May-Britt Vie | 65. Ole Vold |
| 33. Irene Vik | |

6



Sundag 13. mai kl. 10.00

- | | |
|---------------------------|--------------------------------|
| 1. Wenche Antonsen | 21. Unn Vigdis Skåtun |
| 2. Jorunn Bakke | 22. Gina Merete Aastvedt |
| 3. Annette Berg | 23. Geir Johnny Bruåsdal |
| 4. Wenche Bolstad | 24. Geir Børhaug |
| 5. Ann-Kristin Drageset | 25. Øivind Djønne |
| 6. Beate Espeland | 26. Stig Erdal |
| 7. Torill Fjeldstad | 27. Tore Espeseth |
| 8. Wenche Haug | 28. Jostein Hausevik Fjærestad |
| 9. Gunn-Mari Hennes | 29. Olav Flatås |
| 10. Mette Johnsen | 30. Frode Haugsdal |
| 11. Gunn Kristin Joranger | 31. Leif Erik Haukeland |
| 12. Marita Kleivane | 32. Morten Erling Hausvik |
| 13. Anne Beate Langhelle | 33. Karl-Egil Høgstein |
| 14. Anne Britt Larsen | 34. John Harald Jarland |
| 15. Catherine Laurent | 35. Rune Johnsen |
| 16. Marit Møn | 36. Per Jørgen Listhaug |
| 17. Lise Merete Olsen | 37. Leif Ole Reithaug |
| 18. Marianne Padøy | 38. Bjørn Tore Sivertsen |
| 19. Haldis Presttun | 39. Svein Skogen |
| 20. Anita Irene Selberg | 40. Frode Svendsen |

7

Sundag 13. mai kl. 12.15

1. Tone Elisabeth Amundsen
2. Elise Alm Bendiksen
3. Connie Bjørndal
4. Mari-Ann Borge
5. Elin Janne Brandal
6. Eva Carlsen
7. Gurid Helene Espe
8. Eva Margrethe Frotjold
9. Berit Gundersen
10. Sissel Halland
11. Elin Irene Hauge
12. Ann-Mari Haukeland
13. Tone Heggertveit
14. Torunn Hjelmbrække
15. Eli-Merete Knudsen
16. Rita Koch
17. Tone Merete Lindkvist
18. Ann Karin Lågeide
19. Mariann Minde
20. Tone Britt Nilsen
21. Elise Orten
22. Gro Soltvedt
23. Siv Stokke
24. Lisbeth Sveri
25. Reidun Takvam
26. Helga Marie Vikebø
27. Jan Arnatveit
28. Leif Bakke
29. Trond Frode Brekke
30. Terje Bruvik
31. Ove Dyrstad
32. Helge Eide
33. Thorleif Enger
34. Bjarte Sture Eriksen
35. Odd Inge Erlandsen
36. Håkon Ragnvald Fanebust
37. Helge Faugstad
38. Torgeir Hauge
39. Lars Storaas Haukeland
40. Harald Johan Henriksen
41. Tom Johannessen
42. Arvid Kallestad
43. Bjørn Kalvik
44. Kurt Idar Klaussen
45. Kenneth Knutsen
46. Øyvind Krossvoll
47. Ove Mellingsen
48. John Midtun
49. Jostein Mjelde
50. Steinar Mjelde
51. Rune Nordanger
52. Svein-Arne Nybø
53. Nils Petter Sivertsen
54. Ove Skulstad
55. Leif-Erik Skaar
56. Sverre Johan Solhaug
57. Jarle Takvam
58. John Vevle
59. Johannes Aarbø
60. Bent Helge Aardal



Konfirmantar Ytre Arna 6. mai 1979

- | | |
|---------------------------|--------------------------|
| Bergesen, Geir | Eide, Judith |
| Bratli, Jostein | Fonn, Karin Helen |
| Enoksen, Torfinn | Gjone, Elna |
| Havre, Geir | Grinde, Lisbeth |
| Husa, Jan Kristian | Haaland, Kjersti Ann |
| Kronen, Hermund | Haga, Kjersti |
| Kvamstø, Nils Gunnar | Haugland, Britt Elin |
| Landhaug, Åge | Henriksen, Anita Melinda |
| Langeland, Jan Ole | Johansen, Elisabeth |
| Lund, Helge | Kalsås, Sissel Aimee |
| Mikkelsen, Magne | Lerøen, Monica |
| Olsen, Bjørn Rune | Lund, Janne Karin |
| Olsen, Trond | Nordvik, Liv Elin |
| Pettersen, Jonny | Rivenes, Marianne |
| Presthus, Rolf Tore | Romerheim, Birthe |
| Riise, Raymond | Sagstad, Laila Siri |
| Rivenes, Jan Arvid | Skjelvan, Irgunn |
| Rydland, Idar | Steinestø, Keth Iren |
| Rønhovde, Øyvind | Strømme, Vibeke |
| Stammeshagen, Bjørn Helge | Sæle, Mildrid |
| Worren, Jarle | Vatla, Heidi Karin |
| Austnes, Marit | Wichstrøm, Gunn |
| Bakken, Bodil | |

Kyrkjelydsbladet

Grunna ting som redaksjonen ikkje har vore herre over, har Kyrkjelydsbladet i den seinare tid ikkje komme ut så regelmessig som det skulle. Vi reknar med at desse vanskane no er overvunnet, slik at bladet no vil komme regelmessig. Fotosentrum i Ytre Arna har no teke på seg å trykke bladet. Det er vi svært glad for, og ser fram til eit godt samarbeid.

Red.



2000 kristne i Arna?

Kyrkjelyden treng alle heimesitjarane

Nyleg er det gjort ei undersøking som viser at 75% av nordmennene trur det finst ein Gud, og trur at det er eit liv etter døden. På spørsmål om dei reknar seg som personlege kristne, er det 24% som svarar ja.

Omlag fjerdeparten av den vaksne befolkningen i Noreg meiner altså om seg sjølve at dei er personlege kristne.

Vi kunne vel ha grunn til å tru at dette talet er nokolunde representativt for Arna og?

Eg går ut frå at denne «gallupen» omfattar alle aldersgrupper frå den religiøse myndighetsalder som er 15 år og oppover. Kor mange kristne det er i Arna, er det sjølvsagt ingen av oss som veit eller kan få greie på. Til sist er det berre Gud som kjenner hjarto og difor kan døma om det. Men vi set oss vel ikkje til domarar over nokon om vi spør: Tru kor mange menneske er det her i Arna som reknar seg som personlege kristne? Ein fjerdepart av dei som er over 15 år, skulle kanskje føre oss i nærleiken av talet 2.000. Ting talar for at det finst 2.000 vaksne menneske i Arna som reknar seg som personlege kristne — om vi skal halde oss til meiningsmålinga.

Ein god kyrkjesøndag er det kanskje 200 som går til gudstenesta i dei to kyrkjene. Det er stort sett dei same som kjem til kyrkje frå gong til gong. Med få unntak, er det og stort sett dei same som fyller bedehusa, som kjem til kyrkja.

Situasjonen synest altså å vere den at berre ein liten del av dei som vil vere kristne, møter nokolunde regelmessig til kristelege møter og gudstenester.

Vi veit sjølvsagt at det finst mange eldre, uføre og andre som gjerne ville gå til kyrkje og bede-

hus, men som ikkje kan. Men denne gruppa forklarar langt frå skilnaden mellom dei 2.000 og dei 200.

Dei fleste kristne sit altså som regel heime når det er møte eller gudsteneste, ser det diverre ut til.

Finn dei seg ikkje heime i kyrkja, er dei ikkje blitt mottekne som dei skulle dei gongane dei har vore der? Gjev ikkje preik, salmesong, og bøn dei noko?

Det er ein del ransakande spørsmål til oss som går i kyrkja, og til oss som forkynner! Er vi eit lukka samfunn som ikkje er særleg opne for nye? Har vi danna kristne klikkar og kosegrupper? Er preikene uforståeleg for folk flest? Er gudstenesta slik at mange føler henne både stiv og keisam?

Her er nok av ting å tenkje alvorleg over. Kor vi skulle ynskja at det blei forandring på dette. Kyrkjelyden vår treng alle heimesitjarane. Dei som kan koma, må koma. Og dei som ikkje kan, må vere med oss i bøn når vi samlast.

Og dei som til vanleg sit heime når kyrkjeklokkene ringjer, dei har og behov for å koma. Dei treng det heilage samfunnet. Det er godt, men det blir likevel ikkje det same å fylgja gudstenesta framfor eit radio- eller TV apparat. s. 12

Familieside



Arna sokn

Døypte:

- 18.03. Ingrid Helgesen
- 25.03. Gudrun Kløve Juuhl
- 31.03. Eivind Unneland, Jostein Grundt, Harry Mykkeltvedt, Ole Andreas Langhelle, Gøran Garnes, Tor Bjarne Claussen, Ingvild Beate Brurås, Ann Cathrin Hansen
- 08.04. Ingrid Marie Olsen Hansen
- 15.04. Gunnhild Johanna Ølmheim Hollekve

Døde:

- 08.03. Magnus Hausberg, f. 1910
- 17.03. Frank Olsen, f. 1894
- 23.03. Karen Olina Larsen, f. 1891
- 24.03. Martinus Rolland, f. 1891

Ytre Arna sokn

Døypte:

- 31.03. Inger Lise Eide (Arna)
- 01.04. Øystein Opheim
- 15.04. Bjarte Vesetvik

Vigde:

- 24.03. Geir Skjelvik og Gro Norheim (Voss)
- 31.03. Otto Eilif Solsvik og Eva Uthaug

Døde:

- 16.03. Mons Olai Gaupås, f. 1894
- 07.04. Gerd Knutsen, f. 1918

Frå s. 10:

Kyrkjelyden treng alle heimesitjarane...

Det går an å øve seg opp til å unne vere gudsteneste og møte. Vi kan jo både lese og be og lytte til Guds ord heime. Ja, men etter Guds ord er ikkje dette. Dei første kristne held og trufast på samfunnet, står det om dei. Og dei gjekk for å få ein sterk, ekspanderande kyrkjelyd, ja, kanskje nett difor var dei det.

Av og til har eg tenkt: Om berre tredjeparten av alle kristne som kunne gjekk regelmessig til kyrkje søndag føremiddag, ville kyrkja sannsynlegvis vore full kvar gong. Det ville nok og bli trangt om plassen på bedehuset, trur eg. Når verdslege menneske ser at ein stor

part av dei kristne ikkje synest å ha særleg trong for å samlast i Guds hus, korleis kan ein då vente at dei skal koma? Når vi avset tid til gudsteneste, gjev vi uttrykk for at dette reknar vi for viktig og verdifullt. Den som ikkje går, men kunne ha gått, forkynner det motsette med livet sitt, enten han vil eller ikkje.

Før kristenfolket for alvor ser betydningen for å samlast, før den tid blir det knapt vekking. Vekkinga må ta til med Guds folk. Det skal ikkje ta til med dei andre, men med oss.

Velkomen til kyrkje!

IF

ARNA SPAREBANK

Indre Arna · Espeland · Ytre Arna



Banken i Arna frå 1866
Banken der du bur

— til bygdefolket sitt beste
gjennom 113 år.

Solstrands Blomsterforretning

Hollendergt. 4. tlf. 23 20 50

Solstrand Begravelsesbyrå

Herm. Fossgt. 11. tlf. 23 20 50

Alltid til tjeneste

VESTLANDSBANKEN

Banken i Arna — for Arna-folk,
der alle kundar, store som små,
er hjarteleg velkomne.

VESTLANDSBANKEN, avd. Arna



ALLE VET

at vi selger nyere utvalgte vogner. Prøv hos oss
De også. Vi gir god service.

KVERSØY BILFORRETNING

ESPELAND
Telefon 24 00 17 — 24 08 45

I MIN FORRETNING
finn De gaver til bryllup, konfirmasjon
og barnedåp



5260 INDRE ARNA — TLF. 24 04 96

ESPELAND BEGRAVELSESBYRÅ

Telefon 24 08 08
Begravelser og bisettelser ordnes
Transport med egen bil
Annonser, sanger, sløyfer
Monumenter besørages oppsatt

ESPELAND GARTNERI

Telefon 24 08 09
Blomsterforretning
Hagesenter
Kransebinderi



— Assurandør —

OLAV A. HOVDEN

Er autorisert rådgiver i forsikring.
Han hjelper Dem med alt innen for-
sikring, finansiering, og leasing.
Ring, stikk innom eller send noen ord

Storebrand  **Idun**
for sikkerhets skyld

Postboks 17 5260 Indre Arna
Telefon 241532 — Privat 280811

Skal det vera TV — Elektrisk — Belysning
Hugs at vi har laveste pris,
og det De kjøper her kan De få reparert her.

ARNA ELKJØP A/S

Ytre Arna — telefon 24 11 88

Arnatveit — telefon 24 19 70

Vi er tilsluttet landets største kjede av elektriske forretninger

EL-KJØP

Blomar til alle høve!

Vår spesialitet er dekorasjonsplanter
GARNES GARTNERI

Telfon 24 04 01 — Garnes.
Utsal: Espeland — Tlf. 24 17 27.

Velkommen til kyrkje

Preikeliste for Arna

- 13.05 Arna: Kl. 10.00 konfirmasjon ved res.kap. Fykse. Offer til arbeidet i kyrkjelyden.
Kl. 12.15 konfirmasjon ved res.kap. Fykse. Offer til arbeidet i kyrkjelyden.
- 17.05 Arna: Kl. 11.00 familiegudsteneste ved res.kap. Fykse. Kyrkjekoret. Offer til Arna søndagsskulelag.
Ytre Arna Kl. 10.00 familiegudsteneste ved sokneprest Tesdal. Song av «Yngste røster»
Lone skule Kl. 10.00 familieandakt ved kateket Haugsvær.
- 20.05 Arna: Sokneprest Tesdal og Magne Solheim frå Israelsmisjonen. Nattverd. Offer til Israelsmisjonen. Barnevakt.
Kl. 19.00 koralkveld. Kyrkjekoret.
Ytre Arna: Res.kap. Fykse. Nattverd.
- 24.05 Arna: Res.kap. Fykse. Barnevakt.
Ytre Arna: Sokneprest Tesdal. Offer til Det Hvite Bånd.
- 27.05 Arna: Sokneprest Tesdal. Offer til arbeidet i kyrkjelyden. Barnevakt. Kyrkjekaffi.
Kl. 19.00 ungdomsgudsteneste ved res.kap. Fykse. Nattverd.
Ytre Arna: Res.kap. Fykse.
- 03.06 Arna: Høgtidsgudsteneste ved res.kap. Fykse. Nattverd. Offer til Nordhordland Indremisjon.
Ytre Arna: Høgtidsgudsteneste ved sokneprest Tesdal. Nattverd. Offer til Nordhordland Indremisjon.
- Trengereid: Kl. 18.00 res.kap. Fykse. Nattverd.